

Statsraad Lehmkuhl

- Statsraad Lehmkuhl fremstår som et av verdens fremste kulturminner som fremdeles er i operativ heilårsdrift. Me seglar ni månadar i året med ein veldig mangesidig toktstruktur og er det seglskipet i verda som har flest ungdommar på tokt i løpet av eit år.
- Me seglar med folkehøgskular, ungdomsskular, konfirmantar, festivaltokt, ski&sailtokt, opne kommersielle tokt der kvar og ein av dykk kan segle med oss, og me driv med 3 mnd leiarutdanning for SKSK
- Skuta befinn seg akkurat no i Norfolk med 70 kadettar om bord og set kurs over Atlanteren på fredag med ankomst Bergen 9. desember
- Saman med Sørlandet og Christian Radich er me truleg den nasjonen i verda som har dei flottaste og best bevart seilskipa som alle er i operativ drift
- Me er flytande ambassadørar for Norge og vår heimby og tiltrekk oss tusenvis av menneske i nærast kvar einaste hamn me dreg til rundt omkring i verda. Dette bør nyttast meir av det offentlige og ambassadeverket.
- Det har vore ein lang og krevjande veg for å få alle tre i operativ heilårsdrift og det er ekstremt sårbart og avhengig av offentleg støtte for at dei framleis skal segle
- Heilårsdrift og offentlege oppdrag er nøkkelen til at desse skutene kan fortsetje å gi opplæring, utdanning og opplevingar for tusenvis av menneske kvart år
- SL har hatt heilårsdrift dei siste 17 åra og det er takka vera kontrakt med SKSK som kvart år har segla tre månadar med oss for opplæring av framtidens leiarar om bord.
- Statsraad Lehmkuhl har gjennom stiftinga sin 40 årige historie aldri vore drive så bra som dei siste åra med fleire og fleire heilårsansatte som gjer at me tek vare på kompetanse og gir oss eit mannskap som tenker langsiktig for skipet.
- SKSK brukar ikkje millionar av kroner på SL kvar år for moro skuld. Dei gjer det fordi opphaldet om bord gir målbare resultat for kadettane både i form av leiarskap, samhandling og sjømannskap.
- Bevaring gjennom operativ heilårsdrift er avgjerande - Vern gjennom **bruk og bruk fordi vi er relevante**.
- I desse tider jobbar Forsvaret med ein utdanningsreform som i verste fall kan medføre bortfall av kontrakten med SL og kunne resulterer at me gå 20 år tilbake i tid. Sesongdrift, manglande vedlikehald og kompetanseflukt.

- Seglskipa er miljøvennlige og SL jobbar no med hybridløysing og batteripakke om bord som truleg vil gjere oss til det mest miljøvenlege skipet i verda. I utdanningsøyemed vil dette gjere oss til ein unik arena der både tusenvis år gamal tradisjon og teknologiske nyvinningar blir halde i hevd.
 - Det er eit offentleg anliggende å ta vare på Statsraad Lehmkuhl, både i form av kva den representer og fortel om norsk sjøfart, men enno meir fordi me er relevante, ja meir relevante no enn kva SL var når ho blei bygd i 1914
 - Av hensyn til det særskildt individsentrerte samfunn me har i dag er det enno viktigare for unge å kome om bord på eit seilskip der dei på godt og vondt får oppleve at dei er ein del av eit samfunn og der dei på kort tid får erfaringar for livet som vil gjere dei betre rusta til å klara kvardagen også til lands. Me er alle i same båt og dette gjeld også den globale båten. Dine handlingar får følger-
 - Seglskipa er utmerka arenaer for både opplæring og integrering, og så lenge det er eit offentleg anliggende å ta vare på skutene så finst det ikkje meir kostnadseffektiv måte å gjere dette på enn gjennom bruk.
-
- Me vonar, og har nærast eit krav, om at kulturdepartementene løftar skværriggarane enno meir opp i åra som kjem og nyttar seg av den heilt unike arenaen som me tilbyr.
 - Me er særskildt takksame for tilskota som me allereie får frå kulturdepartementet og især den ekstraordinære tildelinga me fekk i forbindelse med foreståande ekstraordinære vintervedlikehald i 2018
 - Me er og takksame for tidlegare tilskudd fra spillemidler er overført til statsbudsjettet for 2018. Det er bra.
 - Me ynskjer, forventar/krev at den noko stemoderlege omtalen av skværriggarane i statsbudsjettet blir endra og meir korrektog relevant for framtida, samt at me får ein eigen «Skværriggerpost» i statsbudsjettet. I staden for slik me er plassert i dag under Post **YMSE TILTAK** (pos 78 i Kap. 328 Museum og visuell kunst)
 - På vegne av dei to andre seglskipa vil me gjerne ha eit snarleg møte med kulturministeren for nærare utgreiing av status og vidare bruk av skipa